

Saksbehandlar: Knut Åland, Nærings- og kulturavdelinga
 Sak nr.: 18/783-17

Tilskot til fartøyvern 2018 - Tilskot til forvaltning og drift av verna fartøy, tildeling av tilskot

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkeskommunale midlar til fartøyvern i Sogn og Fjordane, saman med tilskot frå Riksantikvaren vert fordelt slik i 2018:

1	SS Svanhild LIPQ	Kr 150 000
2	MS Atløy LFND	Kr 150 000
3	MS Haugefisk LGNG	Kr 50 000
4	DS Stavenes LEMA	Kr 50 000
6	MF Hardingen SR LGED	Kr 150 000
7	MS Nybakk JXPH	Kr 50 000
	Sum	Kr 600 000

2. Tildelinga vert gjort med atterhald om at tilskotet frå Riksantikvaren på kr 300 000 vert utbetalt etter føresetnadane.

Vedlegg:

Fartyvernet i SAVOS - fylka - Sogn og Fjordane fylkeskommune - tilskot frå statsbudsjettet 201 8 kapittel 1 429 post 74

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Fylkestinget sette hausten 2017, i sak 59/17, av kr 300 000 til fartøyvern. I tillegg til desse midlane har Riksantikvaren etter søknad løyvd eit tilskot på inntil kr 300 000. Tilskotet frå Riksantikvaren vert tildelt frå statsbudsjettet for 2018 kap. 1429 post 74. Tilskotet er eit bidrag til fartøy som er freda eller har status som verna skip og skal tildelast etter fylkeskommunen si prioritering av innkomne søknader. Tildelinga vert gjort etter modell av SAVOS-ordninga (Samarbeidsrådet for Vest- og Sørlandet SAVOS) og då med ei fordeling på 50/50.

Fylkeskommunen si handtering av tilskotsmidlane skal følgje «Reglement for økonomistyring i staten» og vilkår som går fram av «Retningslinjer og vilkår for tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 71–79» Frist for sluttrapport er sett til 15. januar 2019.

Fylkesdirektøren oppfattar at forvaltning og drift av fartøya tek mykje ressursar, og at mange fartøy står framfor utfordringar når det gjeld nye krav til kompetanse, pålagd kontroll av fartøya,

naudsynt sikringsutstyr og utstyr til navigasjon. Ved tildeling av midlane har dette fått høg prioritet. På dei verneverdige fartøya er det over tid lagt ned eit stort og viktig arbeid i form av frivillig innsats, innkjøp og finansiering. Det offentlege har støtta fartøya med finansiering av restaureringsarbeidet. For at dei verdiane som er lagt ned i fartøya ikkje skal gå tapt over tid, er det heilt avgjerande at fartøya er seglingsdyktige og i aktiv bruk. Det er av den grunn lagt vekt på tilskot til forvaltning og drift av dei verneverdige fartøya.

2. Vurderingar og konsekvensar

Innkomne søknader – kort omtale:

Søkjar	Søknadssum	Omtale
SS Svanhild LIPQ Stiftinga Svanhild	kr 600 000	Sikkerheitskurs for mannskap. Reingjering av dieseltankar etter soppangrep. Pumpesystem og avløp. Oppgradere teknisk utstyr for å kunne ta imot og sende via satellitt, inmarsat C, og opplegg for reserve straum. Restaurering av skrog, pusse ned og olje. Reperasjon av råte ved banjeredgang. Kryssholt til storseglskjøte. Driftskostnader som diesel, leige av kaiplass og straum. Kostnad: 1 053 000
MS Atløy LFND Veteranbåtlag Atløy	kr 600 000	Sikkerheitskurs for mannskap. Autopilotpakke, inkludert arbeid og diverse utstyr. Vask av skrog, skuteseide og påføring av botnstoff, stilas og dokkleige. Reingjering, måling av lasterom. Overhaling av blåser, reparasjon av maskin og 4 skvalpeporter. Wire og strekkfiskar til masta. Regnkalesje over dekk og andre driftsutgifter som straum, leige av kaiplass og diesel. Kostnad: 1 050 000
MS Haugefisk LGNG Kystmuseet i Sogn og Fjordane.	kr 200 000	Lekkasje har ført til vasskader på skipperlugar, bad ved skipperlugar, samt dørk på nedre dekk framme med lugarar, proviantrom og gang. Søknaden gjeld provisorisk innreiing av skipperlugar, utbetring av skade og vøling. Reperasjonen skal gjerast på antikvarisk grunnlag ved Hardanger fartøyvernsenter. Flytting av båten til Norheimsund, tilsyn med båten og reise for mannskapet. Kostnad: 770 000
DS Stavenes LEMA Veteranskipslaget Stavenes	kr 200 000	Utskifting av dårleg stå i akterskip og rennesteinar. Innreiing av byssa med kolfyrt byssekomfyr og kopi av golvflis frå 1904. Sjøfartsdirektoratet har gjeve påbod om utbetring av 20 «dablinga», ståplater som er sveist utanpå svake punkt i skroget. Kostnad: 200 000
MF Hardingen SR LGED Fjord 2 Fjord Cruiser	kr 400 000	Setje i stand nedre salong. Dørkbelegg og underlag har gått i oppløysing. Fjerne gammalt golv og betong underlag, reingjering for rust, reparere skade. Reparere og montere på plass gamal innreiing og utbetre elektrisk anlegg. Kostnad: kr 580 000
MS Nybakk JXPH Nybakks venner	kr 75 500	Hovudmotoren på Nybakk er ei gamal Callesen 460Hk Motoren treng nødvendig service på turbo og nytt filter. Brannalarmanlegget må av sikkerhetsomsyn oppgraderast. Det er nødvendig med nye sertifikat på 2 redningsflåtar, kvar til 12 personer Kostnad: kr 105 500

Totalt	kr 2 075 500	Kostnad: kr 3 758 500
---------------	---------------------	------------------------------

Vurdering - tilråding

På bakgrunn av vurderingar av dei innkomne søknadane har fylkesdirektøren følgjande vurdering og forslag til fordeling av dei avsette midlane:

Fartøy	Avgrensing / merknad	Tilrådd tilskot
MS Atløy LFND Veteranbåtlag Atløy	Dersom heile prosjektet på kr 1 050 000 av ulike årsaker ikkje kan ferdigstillast tek vi atterhald om at tilskotet kan verte avgrensa i forhold til dokumenterte utgifter.	150 000
SS Svanhild LIPQ Stiftinga Svanhild	Dersom heile prosjektet på kr 1 053 000 av ulike årsaker ikkje kan ferdigstillast tek vi atterhald om at tilskotet kan verte avgrensa i forhold til dokumenterte utgifter.	150 000
MS Haugefisk LGNG Kystmuseet i Sogn og Fjordane.	Ein stor del av søknaden går på tiltak som skal utførast vinteren 2019 -2020	50 000
DS Stavenes LEMA Veteranskibslaget Stavenes		50 000
MF Hardingen SR LGED Fjord 2 Fjord Cruiser		150 000
MS Nybakk JXPH Nybakks venner		50 000
Samla		600 000

3. Konklusjon

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet til å gjere vedtak i tråd med tilrådinga. Vi må ta atterhald om at tilskotet frå Riksantikvaren på kr 300 000 vert utbetalt etter føresetnadane.

Frist for dokumentasjon av utført arbeid og utgifter er 31. desember 2018.